

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | | 17/546 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 025/2017 | Kommunestyret | PS | 04.05.2017 |

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd
2. Masfjorden kontrollutval - Møteutskrift og særutskrift frå møtet 18.04.2017
3. Høringsrunde formidling av hjelpeemidler til funksjonshemmde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 025/2017

KS - behandling:

Interpellasjon:

KrF v/Joh Hope la fram følgjande interpellasjon:

Masfjorden KrF viser til oppvekstplan, handlingsplan 2014 - 2018 punkt 2, tiltak der det står:

"Få på plass ungdomsråd i Masfjorden"

Ungdomsrådet er eit organ der ungdomen kan koma til orde i saker som er til politisk handsaming. Dei har og representantar til Ungdommens fylkesting. Eit slikt råd vil og gje ungdom engasjement for kommunen og tilknytning til kommunen.

Nøkkelen til å få eit ungdomsråd til å fungera er korleis det vert organisert. Me ynskjer at ein

ser på om eit ungdomsråd kan organiserast i samarbeid med MOT og MOT-informantane. MOT har sidan oppstart vore eit svært velfungerande tiltak for ungdomsskulegruppa i kommunen. Ungdomsrådet må og omfatta ungdommar på vidaregåande skule.

Det må og setjast av ein sum i budsjettet, slik at ein har litt midlar til rådvelde.

Eit av dei viktigast satsingsområda i samfunnsplanen er folketalsauke. Masfjorden KrF trur at eit ungdomsråd vil vera eit tiltak som kan hjelpe oss og nå eit av måla våre. Me ber difor om ei administrativ utgreiing av ungdomsråd i kommunen.

Ordførar svara at ein ba administrasjonen å utgreie ei sak om ungdomsråd basert på interpellasjonen til KrF.

Referatsaker

1. Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd
2. Masfjorden kontorllutval - Møteutskrift og særutskrift frå møtet 18.04.2017
3. Høringsrunde formidling av hjelpemidler til funksjonshemmede
Rådmannen bad om fullmakt til å gje uttale i denne saka. Kommunestyret slutta seg samla til dette.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering